



Framtida til Tronvik psykiatriske behandlingsheim

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 28.2.2020 vedteke følgjande fråsegn:

Sogn regionråd fryktar for framtida til Helse Førde si avdeling på Tronvik i Høyanger kommune. Post 4 vart lagt ned i 2013, og talet på tilsette har gått ned frå nær 100 til om lag 60 i tida 2013-20.

Helse Førde samlar all sin aktivitet innan psykiatri i Førde i løpet av første halvår 2021. Dette betyr flytting av den distriktspsykiatriske avdelinga (DPS) frå Tronvik til Førde.

Tronvik er ein viktig institusjon for Sogn regionråd og Høyanger kommune. Det er framleis ein stor og viktig arbeidsplass i regionen. Dei tilsette ved Tronvik har over fleire år vore særskild aktive med å skaffe seg etter- og vidareutdanning, og det vert jobba målretta for å rekruttere inn nøkkelpersonell til institusjonen.

Tronvik har dei siste åra spesialisert seg innanfor rusbehandling og rehabilitering. Institusjonen har opparbeida seg eit godt omdøme innan dette viktige fagfeltet.

Dei tek imot pasientar frå Helse Vest og Helse Bergen, som elles måtte ha kjøpt denne tenesta frå private aktørar i regionen.

Helse Førde etablerte ruspost på Nordfjordeid som ein del av innhaldet i eit nytt Nordfjord sjukehus. Dette, saman med at Helse Førde samlar dei psykiatriske pasientane i Førde, er med å svekke grunnlaget for framtidig drift ved Tronvik.

Sogn regionråd og Høyanger kommune vil sikre og vidareutvikle Tronvik. Det er mange gode argument for det!

- Tronvik har eit særskild godt omdøme som behandlingsinstitusjon.
- Tronvik har tilgang på stabil og kompetent arbeidsstokk.
- Tronvik ligg særskild flott til med store og eigna areal iht bygningar og uteområde.
- Tilgang på pasientar synest å vere aukande, både på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.
- Tronvik ligg sentralt til "midt på" Vestlandet, nær Førde og Bergen.

Sogn regionråd krev at Helse Førde jobbar aktivt saman med Høyanger kommune og saman med Helse Vest og Helse Bergen for å styrkje og vidareutvikle Tronvik som behandlingstutitusjon!

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.